

Arbeidsplan for Vestland SV 2021-23

Vedteke på fylkesårsmøtet i Vestland SV 13.-14. februar 2021.

Oppdatert på fylkesårsmøtet 12.-13. februar 2022. Lagt fram for ny oppdatering 11.-12. februar 2023.

Kap 1) For dei mange, ikkje for dei få

Vi lever i ei tid prega av mange globale kriser, og av skjerpa politiske og sosiale motsetnader. Vi treng ein ny politisk kurs i landet vårt – og vi treng det no – for å setje rettferdig fordeling og naturen si tolegrense fyrst.

Vestland SV er fylkeslaget til SV i Vestland, og skal fronte eit aktuelt sosialistisk alternativ. Vi vil vere eit verktøy for å byggje eit solidarisk Vestland basert på verdiar som fellesskap, mangfald, anti-rasisme og feminisme, og som vil kjempe sterkt for klima og miljø. Vestland SV vil kjempe for modige og kunnskapsbaserte løysingar for klima og miljø, grønne og trygge samferdsleløysingar, ein solid distriktspolitikk, rettferdig fordeling og reelle, like moglegheiter.

For å få til dette, er medlemmane vår aller viktigaste ressurs. Medlemmane skal kjenne seg godt ivaretekne og heime i SV. Vestland SV skal leggje til rette for læring, aktivisme og gjere det mogleg for medlemmane til å arbeide for sine hjertesaker. Vi vil bygge aktive lag som er i stand til å drive engasjerande valkamp i kommunane i Vestland og for fylket, og setje vår politikk på dagsorden.

Interessene og behova til vanlege folk og naturen si tolegrense må kome fyrst. Til det, treng vi meir sosialistisk politikk. Vi treng eit sterkt SV: For dei mange - ikkje for dei få.

Kap 2) Kommune- og fylkesvalkamp 2023

A) Lokallag og kommunestyrelister

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 32 lokallag fordelt på 32 kommunar. Av desse lokallaga er 29 representert i kommunestyre og bystyre med 57 folkevalde, i tillegg til 4 folkevalde på fylkestinget.

Mål: Vestland SV har som mål å stille 30 kommunestyrelister i 2023.

- 1) Fram til listestillingsfristen 31. mars skal Vestland SV bruke så mykje som råd av ressursane til å sikre liste der vi kan få det til. Dette er strategisk viktig for heile partiet og svært viktig for partibyggingssprosjektet i Vestland SV.
- 2) Fylkesstyret skal invitere til felles nettmøte med lokallaga.
- 2) Fylkesstyret skal saman med fylkestingsgruppa bidra til skulering av kandidatar på listene.
- 3) Vestland SU og lokale SU-arar er viktige medspelarar i organisasjonsbygginga og listestilling.

46 **B) Førebuingar**

47 Det er eit mål å få alle listekandidatane så godt førebudd på valkampen som råd.

48 1) Fylkesstyret skal saman med fylkestingsgruppa bidra til skulering av kandidatar på listene.

49 2) Nye lokallagsleiarar og lokallagsstyremedlemer skal få tilbod om å delta på skuleringa.

50 3) Fylkesstyret opprettar ei valkampgruppe som utarbeider valkampstrategi med
51 utgangspunkt i det nye fylkestingsprogrammet og den organisatoriske dreieboka. Desse
52 avklarar også korleis valkampleiinga vil fungere. Det vert planlagt korleis ein vil fordele
53 arbeidet med debattkorps, skrive innlegg, markering på sosiale medium og andre
54 valkampstønt.

55 4) Våren skal bli brukt til å markere SV i sosiale medium, media, i kommunestyre mm.

56 5) Laga brukar våren til å skulere medlemer og andre som vil vere valkampaktivistar.

57 6) Vestland SV mobilisere til valkampkonferanse i Oslo 2.- 4. juni.

58 7) Våren 2023 avtalar og avklarar vi skulevalkampplanar med Vestland SU. Vestland SU har
59 ansvar for å gjennomføre skulevalkampen.

60

61 **D) Valkampmateriell**

62 1) Det skriftlege materialet skal vere ferdig til trykking 1. juni.

63 2) Fylkeslaget og lokallaga går saman om å trykke eit felles valkampflygeblad: Ein del til
64 lokallaget og ein del til fylkeslaget. Lokallaget ordnar med trykking av flygebladet. Fylkeslaget
65 dekkjer halvparten av trykkeutgiftene.

66 3) Det vert laga ein felles mal for slike felles valkampflygeblad.

67 4) For at alle lokallaga skal bli ferdig med sitt materiell i tide, er det viktig å setje i gong i april
68 med å ferdigstille dei fyrste valkampmaterialet.

69 5) Fylkeslaget ynskjer valmateriell spreidd i så mange postkasser som råd og brukar ikkje
70 portopengar å få utdeling i postkasser.

71

72 **C) Valkamp**

73 1) Størst mogleg oppslutning om SV er målet

74 2) Valkampen startar med nasjonal aksjonsdag på Verdás miljødag 5. juni.

75 3) Fylkeslaget, fylkeskandidatane, lokallaga og dei lokale kandidatane er klare til aktiv
76 valkamp frå 1. august. Frå 10. august til dagen før valkampdagen er det full valkamp.

77 4) Det vert avtalt faste digitale møter for alle kommunestyrekandidatane gjennom heile
78 valkampen.

79 5) Kvart lokallag har ansvar for å gjennomføre valkamp i sin kommune. Fylkeslaget har
80 ansvar for å samordne så langt som råd, og for å drive ein effektiv og slagkraftig
81 fylkesvalkamp som råd.

82

83 **D) Skulering i forhandlingar**

84 1) Våren 2023 skal fylkesstyret invitere til eit eige nettmøte om korleis førebu seg til
85 forhandlingar etter valet. Skuleringa skal innehalde teknisk innføring i
86 formannskapsmodellen, fordeling i kommunestyre, utval og strategiar rundt avtaler på
87 førehand.

88 2) Det skal lagast ei eiga ressursgruppe som skal gje hjelp til dei forhandlarane og
89 toppkandidatane som treng det i forhandlingane etter kommunestyrevalet.

90 3) Søndag 10. september, dagen før valet, vert det invitert til digitalt møte om forhandlingar.

91

92

93 **E) Opplæring og oppfølging av folkevalde**

94 1) Folkevalsansvarleg i fylkesstyret utarbeider saman med fylkesstyret ein årsplan for
95 nettmøte med folkevalde jamt fordelt utetter året. Nettmøta skal byggje nettverk mellom
96 dei folkevalde, utveksle idear og erfaringar, og gje inspirasjon til vidare arbeid.

97 2) Fylkesstyret skal sørge for at dei som sit åleine og/eller er heilt nye i rolla som folkevalde
98 for SV blir følgt opp av ein eigen fadder.

99 3) Fylkeslaget har ansvar for å informere dei folkevalde om møte og samlingar dei folkevalde
100 kan ha nytte av å delta på.

101

102 **F) Folkevaldssamling etter valet**

103 Fylkesstyret skal hausten 2023 invitere til ei folkevaldssamling der alle folkevalde
104 vert inviterte. Opplæringa skal fyrst og fremst handle om basisopplæring for å kome i gang
105 med kommunestyrearbeid, som sakshandsaming, kutyme i kommunestyre og korleis ein
106 kjem med forlegg til vedtak. Det er viktig å gjere budsjettarbeidet til eit viktig emne denne
107 fyrste hausten.

108

109 **Kap 3) Medlemar**

110 Medlemane er berejdelken til ein kvar organisasjon, og som eit sosialistisk parti ynskjer vi å
111 fordele makta vekk frå leiinga og ut til folket. Difor er det viktig at vi alltid arbeider for å
112 gjere Vestland SV til ein trygg møteplass for både nye og gamle medlemar.

113 Frå 2020 til 2022 har vi hatt medlemsvekst, som vi gjennom målretta arbeid vil vedlikehalde
114 og styrke.

115

116 1) Vestland SV skal ha 2200 medlemar innan utgangen av 2023

117 2) Vestland SV skal arbeide for 120 nye medlemar innan valkampen er over.

118 3) Vestland SV skal arbeide spesielt for å hjelpe lokallag med under 30 medlemar, slik at dei
119 kan sende to delegatar til fylkesårsmøte. Målet for perioden er at minst 5 av desse lokallaga
120 skal ha meir enn 30 medlemar.

121 4) Vestland SV skal følgje opp nasjonale vervekampanjar, og i tillegg lage eigne tiltak lokalt
122 for å byggje lokallag til verving.

123 5) Alle nye medlemar skal verte oppringt og ynskja velkomen av lokallaga eller fylkeslaget.

124 6) Alle nye medlemar skal i løpet av det fyrste halve året bli inviterte med på
125 medlemsaktivitet. Dersom medlemmen kjem frå ein kommune utan SV-lag kan dei koplast
126 på eit nærliggande lokallag.

127

128 **Kap 4) Digital samhandling med veljarane**

129 Dei siste åra har det skjedd gigantiske endringar for korleis folk i samfunnet mottek og

130 behandlar ny informasjon. Sosiale media har gitt oss heilt nye talerøyr, nye måtar å

131 kommunisere, og nye arenaer for å fremje vår budskap. Dersom SV skal ha ein brei

132 oppslutning i vala som kjem, kan arbeidet og korleis vi fungerer i sosiale media vere

133 avgjerande. Pandemien har påverka korleis vi møter kvarandre og korleis veljarane

134 orienterer seg. Det er grunn til å tru at ein del av desse mønstera vil påverke korleis vi møter

135 kvarandre og potensielle veljarar også i framtidige valkampar. Difor er det særst viktig at vi

136 held fram med den bevisste jobben for å vere synlege og tydelege i sosiale media.

137

138 1) Vestland SV skal halde heimesida oppdatert, og syte for at viktige saker og oppdateringar
139 vert raskt tilgjengelege.

140 2) Vestland SV skal poste jamleg på Facebook og Instagram, blant anna ved å dele delebilete
141 frå SV nasjonalt, lesarinnlegg skreve av medlem, og reaksjonar på aktuelle tema frå
142 samfunnsdebatten.

143 3) Vestland SV skal styrke kompetansen til folkevalde, tillitsvalde, og kandidatar om korleis
144 dei kan vere aktiv som politikarar i sosiale media, blant anna ved å etablere og arrangere
145 kurs. Vi skal spesielt byggje heiltidsfolkevalde til dette. Heiltidsfolkevalde har eit særskild
146 ansvar for aktivitet på sosiale media, og skal arbeide for å godt representere våre verdiar
147 utad.

148 6) Vestland SV skal syte for at all videokommunikasjon (Livesendingar, kortsnittar, og
149 liknande) er teksta dersom det er mogleg, og formulert slik at det er forståeleg for folk flest.

150 7) Vestland SV skal arrangere kurs for medlem i korleis drive valkamp på sosiale media.

151 8) Vestland SV skal arrangere ein nettkampanje mot rasisme i samarbeid med antirasistisk
152 utval.

153

154 **Kap 5) Utval og nettverk**

155 Sentralt i eit parti står politikutvikling, debatt, samhald og inkludering. Utvala og nettverka
156 kan spele ei viktig rolle på alle desse områda. Eit godt utval kan lage og vidareutvikle politikk,
157 leggje til rette for debatt samt sikre samhald og inkludere og skape aktivitet for både nye og
158 gamle medlemmar. Utvala må sjølve skape aktivitet, men fylkesstyret og fylkeslaget skal legge
159 til rette for gode og aktive utval gjennom perioden.

160

161 **Alle utval**

162 1) Fylkesstyret set ned utval og skal følgje opp utvala og nettverka, mellom anna ved at
163 fylkesstyremedlem er representert i alle utvala.

164 2) Utvala har som oppdrag å skulere på seminar og fellesmøte, skape og vidareutvikle
165 politikk i tillegg til å utvikle og formidle kunnskap på einskildfelt.

166 3) Utvala skal i framkant av val setje seg inn i relevante dokument for fagområda sine.

167 4) Alle utvala skal fremje sitt politiske område både i valkampen og i partiet. Til dømes ved å
168 skrive lesarinnlegg, utvikle politikk og skulere fylkeslaget samt anna profilering.

169 5) Fylkesstyret skal vurdere å opprette eit Skeivt utval dersom det er interesse for det.

170

171 **Kvinnepolitisk utval**

172 Noreg er kome langt i jamstillinga, men vi er framleis ikkje jamstilte. SV skal setje feminismen
173 på dagsorden både i og utanfor partiet.

174 1) Det er eit mål at så mange som mogleg frå SV skal delta på 8. mars, og i Bergen skal
175 kvinneutvalet saman med Bergen SV bidra til mobilisering til Kvinnefestivalen i Bergen.

176 2) Utvalet skal ta initiativ til å vere medtilskipar på minst eitt arrangement på
177 kvinnefestivalen.

178 3) I framkant av 8. mars skal utvalet oppmode og bidra til lokallaga er aktive lokalt.

179 4) Utvalet skal jobbe aktivt for at kvinner stiller til verv i partiet og som folkevalde.

180 **Miljøpolitisk utval**

181 På kort tid må vi vri om økonomien ved å byggje grøn industri og utvikle grøn teknologi her
182 på Vestlandet.

183 1) Utvalet skal følgje aktuelle miljøpolitiske saker og markere partiet i viktige saker.

184 2) I samband med miljødagen 5. juni skal utvalet oppmode lokallaga om å lage aktivitet.

185 3) Utvalet skal ta kontakt med nokre av miljø-fagmiljøa og utvikle politikk basert på
186 kunnskapen derifrå.

187

188 **Fagleg utval**

189 SV høyrer til i arbeidarrørsla saman med fagforeiningane. Saman kjempar vi for eit meir
190 rettferdig samfunn og difor er tett samarbeid viktig.

191 1) I perioden skal utvalet fremje fagleg politikk både i og utanfor partiet. Til dømes gjennom
192 å skrive debattinnlegg i tillegg til anna profilering.

193 2) Utvalet skal søkje å samarbeide med Bergen SV om det faglege arbeidet.

194 3) Utvalet skal drive nettverksbygging og søkje å kople saman SV-arar som er tillitsvalde i
195 fagrørsla.

196 4) Utvalet skal i framkant av 1. mai syte for og oppmode til lokallagsaktivitet.

197 5) Eit mål for utvalet skal vere å aktivt gje innspel til, skulere om og vidareformidle saker i
198 partiet på feltet.

199 6) Utvalet skal ha jamleg kontakt med dei leiande fagforeiningane og delta på samlingar.

200 7) Utvalet skal jobbe aktivt for at tillitsvalde stiller til verv i partiet og som folkevalde

201

202 **Distriktpolitisk utval**

203 SV vil ha levande bygder og byar og vi skal syte for berekraftige lokalsamfunn også i
204 framtida.

205 1) Utvalet skal halde fram med å vere eit samlepunkt for SV-arar som er engasjert i dette
206 saksfeltet.

207 2) Distriktpolitisk utval skal saman med fylkesstyret ta ei offensiv rolle i utviklinga av politikk
208 som styrker distrikta, folkestyre og lokaldemokratiet.

209 3) Eit mål for utvalet skal vere å aktivt gje innspel til, skulere og vidareformidle saker i partiet
210 på feltet. Både Sogn og Fjordane og Hordaland har mange små lokalsamfunn, og utvalet skal
211 difor syte for at Vestland SV bidreg til politikikutviklinga på feltet nasjonalt.

212

213 **Antirasistisk utval**

214 Nordmenn finst i alle fargar og formar. Likevel ser ein framleis rasisme og mangel på
215 representasjon.

216 1) Utvalet skal fremje antirasistisk politikk både i og utanfor partiet. Til dømes gjennom
217 debattinnlegg i tillegg til anna profilering.

218 2) Utvalet skal aktivt utvikle antirasistisk politikk og knyte band med andre antirasistiske
219 organisasjonar.

220 3) Utvalet skal vere med å bidra til å ta imot og inkludere folk med minoritetsbakgrunn i
221 partiet.

222 4) Antirasistisk utval skal jobbe aktivt for at SV-arar med minoritetsbakgrunn nominerast
223 høgt på vallister og veljast til viktige verv i partiet.

224

225 **Utdanningspolitisk utval**

226 1) Utvalet skal utvikle politikk på utdanningsområdet, frå barnehage til høgskule/universitet
227 og innan etter- og vidareutdanning.

228 2) Utvalet skal arbeide for SV sin politikk på området og markere SV sin politikk og søkje å
229 påverke både lokalt, i fylket og nasjonalt.

230 3) Utvalet skal gje råd og innspel til arbeidet i kommunane og i fylkeskommunen, mellom
231 anna til SV sitt medlem i hovudutvalet for opplæring og kompetanse.

232 4) Utvalet vert leia av Åsmund Berthelsen som er nestleiar i hovudutval for opplæring og
233 kompetanse i Vestland fylkeskommune.

234
235
236
237
238
239
240
241
242
243
244
245
246
247
248
249
250
251
252
253
254
255
256
257
258
259
260
261
262
263
264
265
266
267
268
269
270
271
272
273
274
275
276
277
278
279
280

Internasjonalt utval

Internasjonal solidaritet og internasjonal politikk er eit viktig politikkkfelt for SV.

- 1) Målet er å samle folk som har interesse og arbeidslyst for dette politikkkfeltet.
- 2) I første omgang er det eit mål å drive fram debattar innanfor internasjonale politikk.
- 3) Utvalet skal halde kontakt med internasjonalt utval sentralt.

Kap 6) Rekruttering

SV skal vere eit sosialistisk folkeparti og det er eit mål å utvide partiet vårt med mange og fleire menneske med ulike bakgrunnar og perspektiv. Det gjev brei representasjon og sørger for at vi gjev fleire ulike, viktige grupper eit rom der dei blir høyrde og lytta til. Nokre grupper må vi kanskje arbeide meir systematisk for å tiltrekke oss. Vi ynskjer å nå ut til fleire minoritetar, og få dei til å bli medlemar og aktive i partiet. Spesielt i distriktslaga våre vil vi nå ut til fleire unge vaksne, og fagorganiserte.

- 1) I samarbeid med utvala våre, skal fylkesstyret invitere målretta når det er høvelege tilskipingar.
- 2) I arbeidet i framkant av listestilling til kommune- og fylkesting og Stortinget, er det særskilt viktig å få fleire frå dei gruppene vi ynskjer å rekruttere inn på våre samlingar.
- 3) Fylkesstyret skal saman med antirasistisk utval, dei andre utvala og lokallaga arbeide for å finne kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper.

Kap 7) Skulering og debatt

Fylkeslaga i SV har ansvar for skulering i sine fylke. Med ein organisasjon som veks, må skulering vere ein viktig del av organisasjonsarbeidet også i åra der vi ikkje driv valkamp. Skulering av dei tillitsvalde er ein føresetnad for å fornye arbeidet i lokallaga, men det er like viktig å skulere nye medlemmer i politikken vår slik at dei kjenner seg trygge nok til å bli aktive, ta på seg verv eller bidra i komande valkamp.

- 1) Vestland SV si fylkestingsgruppe har ambisjon om å bidra til skulering gjennom seminar og konferansar knytt til fylkestingsarbeidet og større overordna debattar. I samarbeid med fylkesstyret vil ein saman med fylkestingsgruppa skipe til heil- eller halvdags-seminar om aktuelle emne kvart år.
- 3) For å gjere terskelen for å delta så låg som mogleg, skal Vestland SV nytte nettmøte for å skulere nye medlemmer, til dømes med eigne nettmøte som tek føre seg emne knytt til sentrale og aktuelle debattar.

Kap 8) Kampanjar og merkedagar

Fylkesstyret, lokallaga og utvala skal bidra til kampanjar og markering av viktige dagar.

- 1) Merkedagane samefolkets dag 6. februar, kvinnedagen 8. mars, arbeidarane sin internasjonale kampdag 1. mai, FN sin miljødag 5. juni, Hiroshimadagen 6. august og FN sin internasjonale dag for å avskaffe vald mot kvinner 25. november, skal vere synlege i sosiale media, og det er eit mål at alle lokallaga bidreg til aktivitet i sin kommune desse dagane.
- 2) Vestland SV skal delta og støtte opp om Pride-arrangement over heile fylket. Alle tillitsvalde og medlemmar må bli minna på å bruke slike merkedagar og kampanjar til verving av nye medlem.

281 **Kap 9) Samarbeid med SU**

282 Eit sterkt SU styrker partiet vårt. Ungdomane i Vestland SU er svært viktige for SV og eit godt
283 samarbeid gjer oss betre. SU med sine mange unge, engasjerte og erfarne aktivistar ber
284 skulevalkampen, og gjer dessutan eit avgjerande valkampbidrag for partiet.

285 1) Fylkesleiar skal to gongar i året invitere til samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV
286 og Vestland SU. Dersom det er naudsynt blir det teke initiativ til fleire. Utover dette skal
287 leiinga søkje å halde god kontakt og informere kvarandre.

288 2) SU organiserer skulevalkampen og ber om hjelp frå SV om det trengst.

289 3) SU deltek på fylkesårsmøta med sin eigen kvote og har også eigne representantar i ulike
290 nemnder. I tillegg vert Vestland SU inviterte til seminar og samlingar i Vestland SV. Dette er
291 viktig for å bli kjent med kvarandre, dele erfaringar og å lære av kvarandre.

292

293 **Kap 10) Økonomiarbeid**

294 Grunnlaget for godt organisasjonsarbeid er ein solid og sunn økonomi. Fylkestyret skal
295 sørgje for å ha budsjettkontroll, og samtidig søkje å finne nye inntekter gjennom året.

296 For å sikre at medlemmene kan delta i partiaktivitetane uavhengig av privat økonomi, skal
297 Vestland SV i fellesskap søkje å halde deltakarpengar så låge som råd. Ei rekkje aktivitetar
298 skal alltid vere gratis.

299 Rettesnora i økonomiarbeidet er å sikre forsvarleg drift og at ein lukkast med måla i
300 arbeidsplanen. I denne perioden er det ikkje noko mål om huskjøp som krev oppbygging av
301 eigenkapital.

302